

Tekstskaping: kjensler

TID: 120 minutt

UTSTYR OG FØREBUING: Gode blyantar, fargestiftar, A5-ark med linjer, og eigenlaga papirbøker. Teknisk verktøy som kan spele musikk, til dømes høgtalar eller smarttavle. Skriv ut illustrasjonane av kjenslene og dyra. Ha gjerne fleire eksemplar til alle elevane.



Oppstart

Start med å synge songen «Ein del av meg». Syng han gjerne to gongar.

Samtale om biletboka

Snakk med elevane om kva ei biletbok er, og kva ei biletbok inneheld. Ei biletbok er ei bok der bilete og tekst skapar ei forteljing saman. Sjå til dømes s. 8–9, 12–13, 24–25 i biletboka *Eventyret om flodhesten*. Spørsmål til samtalen kan vere:


- Får vi vite noko i biletet som ikkje står i teksten, og i så fall kva? Får vi vite noko i teksten som ikkje står i biletet, og i så fall kva?

Be elevane hjelpe å hugse kva for dyr som var med i biletboka *Eventyret om flodhesten*. Flodhesten, som er hovudkarakteren i biletboka, kjende på ulike kjensler:

- Kva for kjensler trur de han kjende på i starten, undervegs og på slutten av eventyret?
- Kva trur du er grunnen til at han fekk alle desse kjenslene?



Be elevane om å tenkje på ei kjensle dei har erfart. Gi dei høve til å reflektere over årsaka til kjensla og korleis ho kjendest ut i kroppen.

- Har de vore triste/glade ein gong? Kva var det som skjedde då?
- Korleis kjendest kjensla ut i magen, hjartet og pusten? Kan du skildre med farge, lyd og/eller rørsle?



Lag eiga biletbok om dyr og kjensler


Elevane skal velje seg ei kjensle og eit dyr å skrive om. Tilpass skriveoppgåva til elevgruppa. Nokre elevar skriv ord, nokre skriv modellsetningar og nokre skriv forteljing. Det er også mogleg å skrive på tastatur med lyd støtte; då skriv du ut elevteksten og limer han inn i papirboka. Framsida på boka skal ha tittel og namn på forfattar. Vidare kan elevane teikne til og/eller lime inn bilete av kjensla og dyret. Dersom elevane blir ferdige med ei forteljing, kan dei velje seg eit nytt dyr og ei ny kjensle å skrive om.



Framsyning

La elevane som ynskjer, få vise fram det dei har arbeidd med. Gi gjerne elevane eit val om dei vil lese/vise sjølv eller om dei vil at du som lærar skal gjere det. Gi elevane konkret ros for arbeidet. Ta gjerne utgangspunkt i den pedagogiske tilnærminga til tilbakemelding som vert kalla «to stjerner og eit ynske».

Døme frå elevarbeid



Trist gepard. Det var ein gong ein trist gepard. Den skulle ut på tur og så kom det eit menneske som banka han i hovudet. Han blei lei seg. Så kom det ei krokodille og så spurte han kvifor han var lei seg.